



**Møteprotokoll  
for  
Utval for drift og utvikling**

**Møtedato:** 02.09.2014  
**Møtestad:** Meland rådhus - formannskapssal  
**Møtetid:** 16:00 - 19:45

Møtet vart styrt av utvalsleiar Atle Håtuft.  
Medlemmane var innkalla i skriv d. 22.08.2014.  
Møtet starta med synfaring i samband med UDU.sak 069/2014 og 072/2014.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Atle Håtuft	FrP	Utvalsleiar
Ragnar Bratland	H	Nestleiar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Steinar Erstad	H	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Jorunn Signe Brakstad	H

---

**Desse møtte frå administrasjonen: Sektorsjef teknisk Anny Bastesen**

---

Protokollfører: Anny Bastesen

Utval for drift og utvikling  
17.09.2014

Atle Håtuft  
leiar

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

## Sakliste

Saknr	Tittel
64/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
65/2014	Godkjenning av møtebok
66/2014	Referatsaker
67/2014	Delegerte saker
68/2014	Prioritering av planar og utgreiingsoppgåver ved Plan, utbygging og kommunalteknikk 2. halvår 2014
69/2014	Klage over vedtak om avslag i DNT-sak 135/2014 - Søknad om dispensasjon frå arealformål i kommuneplan og frå byggjeforbod i strandsone for oppføring av fritidsbustad på gbnr 42/22 i Meland kommune
70/2014	Søknad tilskott til utbygging av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune.
71/2014	Søknad om kommunalt tilskot til vidareføring av prosjekt Glade bønder
72/2014	Søknad om endring av tidlegare dispensasjon for utføring av kaifront på gbnr 45/112 på Vikebø
73/2014	Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i strandsonen på gbnr 51/139
74/2014	Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av parsell på gbnr 14/1, Erstad
75/2014	Søknad om dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø for tilbygg til fritidsbustad på gnbr 51/29
76/2014	Søknad om dispensasjon for frådeling av tomt med eksisterande bustad - Gbnr 28/1, Grasdøl
77/2014	Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving og gjenoppføring av bustad på gbnr. 27/3 i Meland kommune

- 78/2014 Høyring særskilt fartsgrense FV 245 Ådlandsvegen
- 79/2014 Klage på DNT.vedtak 151/2014 - avslag på søknad om overføring av areal frå gbnr. 23/1 til gbnr 23/325.
- 80/2014 Søknad om dispensasjon frå forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet ved sjå for oppføring av sjøbu på gbnr 45/126.
- 81/2014 Rapportering 2014 og handlingsplan 2015 - vedlikehaldsplan for kommunale bygg
- 82/2014 Aktuelle saker

## **64/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 64/2014 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste vert godkjend. UDU.sak 69/2014 og 72/2014 vert handsama etter UDU.sak 67/2014."

---

## **65/2014: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok for Utval for drift og utvikling frå møte 03.06.2014 vert godkjent.

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 65/2014 VEDTAK:**

"Møtebok for Utval for drift og utvikling frå møte 03.06.2014 vert godkjent utan merknader."

---

## **66/2014: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 66/2014 VEDTAK:**

"Meldingane vert tekne til etterretning."

---

## **67/2014: Delegerte saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 67/2014 VEDTAK:**

"Delegasjonsvedtaka vert tekne til etterretning."

---

## **68/2014: Prioritering av planar og utgreiingsoppgåver ved Plan, utbygging og kommunalteknikk 2. halvår 2014**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Formannskapet tek oversikt over planar og utgriingar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk og oversikt over private reguleringsplanar 2. halvår 2014 til orientering.»

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 68/2014 FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

«Formannskapet tek oversikt over planar og utgreiingar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk og oversikt over private reguleringsplanar 2. halvår 2014 til orientering.»

---

## **69/2014: Klage over vedtak om avslag i DNT-sak 135/2014 - Søknad om dispensasjon frå arealformål i kommuneplan og frå byggjeforbod i strandsone for oppføring av fritidsbustad på gbnr 42/22 i Meland kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling finn at klage dagsett 23.6.2014 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at avslaget av 2.6.2014 i DNT-sak 135/2014 vert omgjort. Klagen vert difor ikkje teke til følge. Det vert vist til sakutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

## 02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

### Framlegg til vedtak i møtet:

"Utval for drift og utvikling viser til innkomen klage på avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og forbod mot tiltak i strandsona for bygging av fritidsbustad på etablert hyttetomt gnr 42 bnr 22, og finn etter synfaring at det er kome fram opplysningar/moment som gjev grunn til å endre på administrativt vedtak datert 02.06.2014, DNT-sak 135/2014.

- Fritidsbustaden vil bli etablert i eit allereie etablert hyttefelt.
- Det er per i dag ingen etablerte ferdselsstiar over eigedomen.
- Fritidsbustaden er plassert bak i terrenget og vil derfor ikkje kome i konflikt med allmenn tilgang til sjø.
- Plassering og utforming av fritidseigedomen er slik at området ikkje vil få eit uttrykk som vil vere meir privatisert.
- I tillegg vil fritidsbustaden bli tilknytt allereie opparbeida parkeringsplass og sti, noko som ikkje fører til større belastning på LNF-området.
- Kommunalt vatn er etablert i nærleiken av parsellen.
- Parsellen er allereie utskilt, og eigar har røtter til område og har eigd denne heile livet sitt.

Klagen vert difor teken til følgje. Administrasjonen sitt vedtak i saka datert 02.06.2014 vert oppheva.

Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (arealføremålet landbruks-, natur- og friluftsområde) og det generelle forbodet i pbl § 1-8 mot byggjetiltak i 100-metersbeltet langs sjø, for bygging av fritidsbustad på hyttetomt gnr 42 bnr 22, Eikeland.

Byggjetiltak kan ikkje setjast i vert før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap. 20.

Dispensasjon fell vekk om den ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9."

**Framlegg til vedtak i møtet fekk 9 røyster for, 0 i mot og er såleis vedteke.**

**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for og fall.**

Saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for vurdering om dei vil nytte klageretten sin.

### **UDU - 69/2014 VEDTAK:**

"Utval for drift og utvikling viser til innkomen klage på avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og forbod mot tiltak i strandsona for bygging av fritidsbustad på etablert hyttetomt gnr 42 bnr 22, og finn etter synfaring at det er kome fram opplysningar/moment som gjev grunn til å endre på administrativt vedtak datert 02.06.2014, DNT-sak 135/2014.

- Fritidsbustaden vil bli etablert i eit allereie etablert hyttefelt.
- Det er per i dag ingen etablerte ferdselsstiar over eignedomen.
- Fritidsbustaden er plassert bak i terrenget og vil derfor ikkje kome i konflikt med allmenn tilgang til sjø.
- Plassering og utforming av fritidseigedomen er slik at området ikkje vil få eit uttrykk som vil vere meir privatisert.
- I tillegg vil fritidsbustaden bli tilknytt allereie opparbeida parkeringsplass og sti, noko som ikkje fører til større belastning på LNF-området.
- Kommunalt vatn er etablert i nærleiken av parsellen.
- Parsellen er allereie utskilt, og eigar har røtter til område og har eigd denne heile livet sitt.

Klagen vert difor teken til følgje. Administrasjonen sitt vedtak i saka datert 02.06.2014 vert oppheva.

Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (arealføremålet landbruks-, natur- og friluftsområde) og det generelle forbodet i pbl § 1-8 mot byggjetiltak i 100-metersbeltet langs sjø, for bygging av fritidsbustad på hyttetomt gnr 42 bnr 22, Eikeland.

Byggjetiltak kan ikkje setjast i vert før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsar med pbl kap. 20.

Dispensasjon fell vekk om den ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9."

---

### **70/2014: Søknad tilskott til utbygging av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune.**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling er positive til Nordhordland Skogeigarlag sin plan for oppgradering av tømmerkaien på Eidsnes, og godkjenner at Meland kommune yter kr 80 000 til prosjektet. Tilskotet blir dekkja innafor budsjettamma ved tenesteområde 60 PUK.

## 02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

### UDU - 70/2014 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling er positive til Nordhordland Skogeigarlag sin plan for oppgradering av tømmerkaien på Eidsnes, og godkjenner at Meland kommune yter kr 80 000 til prosjektet. Tilskotet blir dekket innafor budsjetttramma ved tenesteområde 60 PUK.

---

## 71/2014: Søknad om kommunalt tilskot til vidareføring av prosjekt Glade bønder

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Utval for drift og utvikling løyver kr 7 500,- til prosjekt Glade bønder i Nordhordland. Løyvinga vert dekket av budsjettpost 14700 603 3290 - tilskot til landbruksføremaal."

## 02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

### UDU - 71/2014 VEDTAK:

"Utval for drift og utvikling løyver kr 7 500,- til prosjekt Glade bønder i Nordhordland. Løyvinga vert dekket av budsjettpost 14700 603 3290 - tilskot til landbruksføremaal."

---

## 72/2014: Søknad om endring av tidlegare dispensasjon for utføring av kaifront på gbnr 45/112 på Vikebø

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon for følgjande tiltak:

- (1) Kai framom naust vert godkjent med breidde 6 meter og lengde 7 meter som omsøkt.
- (2) Flytebrygge framom naust vert godkjent med storleik 2,5x8 meter som omsøkt.
- (3) Ny slipp aust for naust mot eigedomsgrensa til bnr 32 vert godkjent som omsøkt.

Utval for drift og utvikling avslår følgjande delar av søknaden:

- (1) Utviding av kai og utlegging av ny flytebrygge vest på eigedomen mot bnr 29.
- (2) Utføring av kaifront med 3 m brei trapp ned til strandlinja.



For grunngeving av vedtaket vert vist til saksutgreiing og vurdering over. Byggjetiltaket kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap 20. Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9.»

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

### **Framlegg til vedtak frå Anne Grete Eide, AP:**

"Utval for drift og utvikling viser til søknad om endring av tidlegare dispensasjon for utføring av kai og flytebrygger på gnr 45 bnr 112, og finn etter synfaring å gje dispensasjon frå det generelle forbodet i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø, i samsvar med søknad motteke 21.02.2014, av følgjande grunnar:

- Omsøkt tiltak vil betre tryggleiken ved tilkomst til eksisterande kai. Særleg gjeld dette ved fjøra sjø.
- Tiltaket inneber ikkje ytterlegare privatisering av strandsona og strandlina på eigedommen, ut over dagens situasjon.
- Tiltaket er gjeve ei hensiktsmessig utforming som er tilpassa eksisterande kai, utan å kome i strid med natur- eller friluftssyn.
- Tiltaket vil ikkje ha negative vernader for natur, kulturmiljø, friluftsliv eller landskap.
- Etter synfaring finn UDU at tiltaket ikkje set omsyna bak kommuneplanen eller plan- og bygningslova § 1-8 vesentleg til side, og at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempe. Vilkår for å gje dispensasjon vert med dette vurdert som oppfylt.

Byggjetiltak kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap. 20. Dispensasjonen fell vekk om den ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9."

**Framlegg til vedtak frå Anne Grete Eide, AP, fekk 8 røyster for, 1 i mot (MDG), og er såleis vedteke.**

**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 1 røyst for, 8 i mot (H, FrP, AP, V, SP) og fall.**

Saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for vurdering om dei vil nytte klageretten sin.

### **UDU - 72/2014 VEDTAK – mot 1 røyst (MDG):**

"Utval for drift og utvikling viser til søknad om endring av tidlegare dispensasjon for utføring av kai og flytebrygger på gnr 45 bnr 112, og finn etter synfaring å gje dispensasjon frå det generelle forbodet i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø, i samsvar med søknad motteke 21.02.2014, av følgjande grunnar:

- Omsøkt tiltak vil betre tryggleiken ved tilkomst til eksisterande kai. Særleg gjeld dette ved fjøra sjø.
- Tiltaket inneber ikkje ytterlegare privatisering av strandsona og strandlina på eigedomen, ut over dagens situasjon.
- Tiltaket er gjeve ei hensiktsmessig utforming som er tilpassa eksisterande kai, utan å kome i strid med natur- eller friluftssyn.
- Tiltaket vil ikkje ha negative vernader for natur, kulturmiljø, friluftsliv eller landskap.
- Etter synfaring finn UDU at tiltaket ikkje set omsyna bak kommuneplanen eller plan- og bygningslova § 1-8 vesentleg til side, og at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene. Vilkår for å gje dispensasjon vert med dette vurdert som oppfylt.

Byggetiltak kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap. 20. Dispensasjonen fell vekk om den ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9."

---

### **73/2014: Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i strandsonen på gbnr 51/139**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå rettsverknadene i kommuneplanen sin arealdel (arealføremålet LNF) og det generelle forbodet i pbl § 1-8 mot byggetiltak i 100-metersbeltet langs sjø, for oppføring av uthus og takoverbygg over grillplass på gbnr 51/139 i Meland kommune. Dispensasjon vert gitt i samsvar med søknad motteke 2.6.2014.

Det vert stilte følgjande vilkår for dispensasjonen:

(1) Material- og fargeval skal vere avdempa og tilpassa eksisterande fritidsbustad.

For grunngjeving av vedtaket vert vist til saksutgreiing og vurdering over.

Byggetiltaket kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap 20. Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9.»

#### **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

#### **UDU - 73/2014 VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå rettsverknadene i kommuneplanen sin arealdel (arealføremålet LNF) og det generelle forbodet i pbl § 1-8 mot byggetiltak i 100-metersbeltet langs sjø, for oppføring av uthus og takoverbygg over grillplass på gbnr 51/139 i Meland kommune. Dispensasjon vert gitt i samsvar med søknad motteke 2.6.2014.

Det vert stilte følgjande vilkår for dispensasjonen:

(1) Material- og fargeval skal vere avdempa og tilpassa eksisterande fritidsbustad.

For grunngjeving av vedtaket vert vist til saksutgreiing og vurdering over.

Byggetiltaket kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap 20. Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9.»

---

## **74/2014: Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av parsell på gbnr 14/1, Erstad**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel, for frådeling av ein bustadtomt på gnr 14, bnr 1, jf søknad motteke 6.11.2014 med endringar og situasjonskart motteke 24.6.2014.

Dispensasjonen er gjeve på følgjande vilkår:

Før det vert gjeve løyve til deling, må det ligge føre løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå Statens vegvesen.

Utval for drift og utvikling gjev samtykke til deling og omdisponering etter jordlova §§ 12 og 9, for oppretting av ny grunneigedom på gbnr 14/1 som omsøkt. Oppretting av grunneigedom kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter pbl kap. 20.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 74/2014 VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel, for frådeling av ein bustadtomt på gnr 14, bnr 1, jf søknad motteke 6.11.2014 med endringar og situasjonskart motteke 24.6.2014.

Dispensasjonen er gjeve på følgjande vilkår:

Før det vert gjeve løyve til deling, må det ligge føre løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå Statens vegvesen.

Utval for drift og utvikling gjev samtykke til deling og omdisponering etter jordlova §§ 12 og 9, for oppretting av ny grunneigedom på gbnr 14/1 som omsøkt. Oppretting av grunneigedom kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter pbl kap. 20.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

---

## **75/2014: Søknad om dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø for tilbygg til fritidsbustad på gnbr 51/29**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå rettsverknadene til kommuneplanen sin arealdel (arealføremålet LNF) og det generelle forbodet i pbl § 1-8 mot byggjetiltak i 100-metersbeltet langs sjø, for fasadeendring og oppføring av tilbygg under 50 m<sup>2</sup> på eksisterande hytte på gnbr 51/29 i Meland kommune. Dispensasjon vert gitt i samsvar med søknad motteke 23.4.2014. For grunngjeving av vedtaket vert vist til saksutgreiing og vurdering over. Byggjetiltaket kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap 20. Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9.»

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 75/2014 VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå rettsverknadene til kommuneplanen sin arealdel (arealføremålet LNF) og det generelle forbodet i pbl § 1-8 mot byggjetiltak i 100-metersbeltet langs sjø, for fasadeendring og oppføring av tilbygg under 50 m<sup>2</sup> på eksisterande hytte på gnbr 51/29 i Meland kommune. Dispensasjon vert gitt i samsvar med søknad motteke 23.4.2014. For grunngjeving av vedtaket vert vist til saksutgreiing og vurdering over. Byggjetiltaket kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap 20. Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9.»

---

## **76/2014: Søknad om dispensasjon for frådeling av tomt med eksisterande bustad - Gbnr 28/1, Grasdøl**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel, for frådeling av parsell på gnbr 28/1, jf søknad og situasjonskart motteke 21.3.2014.

Utval for drift og utvikling samtykker i frådeling i medhald av jordlova § 12.

Tiltaket kan ikkje setjast i vert før det er godkjent etter pbl kap. 20.

Det vert stilt følgjande vilkår for dispensasjon:

(1): Ny parsell må ikkje omfatte fulldyrka jord, jf Markslagkart AR5.

(2): Ny parsell må sikrast naudsynte rettar for framføring og bruk av veg, vass- og avlaupsnett over framand grunn.

(3) Krav til utomhusareal og parkeringsdekning i kommuneplanen må stettast.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 76/2014 VEDTAK:**

Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel, for frådelling av parsell på gbnr 28/1, jf søknad og situasjonskart motteke 21.3.2014.

Utval for drift og utvikling samtykker i frådelling i medhald av jordlova § 12.

Tiltaket kan ikkje setjast i vert før det er godkjent etter pbl kap. 20.

Det vert stilt følgjande vilkår for dispensasjon:

(1): Ny parsell må ikkje omfatte fulldyrka jord, jf Markslagkart AR5.

(2): Ny parsell må sikrast naudsynte rettar for framføring og bruk av veg, vass- og avlaupsnett over framand grunn.

(3) Krav til utomhusareal og parkeringsdekning i kommuneplanen må stettast.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

---

## **77/2014: Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving og gjenoppføring av bustad på gbnr. 27/3 i Meland kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå forbodet i kommuneplanen sin arealdel - mot tiltak i område avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF) - for riving og gjenoppføring av bustadhus med ein bueining på gbnr. 27/3 i Meland kommune - i samsvar med søknad m/tilhøyrande situasjonskart dagsett 5.6.2014. Den nye bustaden skal oppførast med tilnærma same plassering og storleik som dagens hus, men kor endeleg plassering og storleik vert godkjent i samband med etterfølgjande søknad om sjølv byggjetiltaket. For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor. Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve til dette med heimel i pbl. kap. 20. Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl § 21-9.»

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 77/2014 VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå forbodet i kommuneplanen sin arealdel - mot tiltak i område avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF) - for riving og gjenoppføring av bustadhus med ein bueining på gbnr. 27/3 i Meland kommune - i samsvar med søknad m/tilhøyrande situasjonskart dagsett 5.6.2014. Den nye bustaden skal oppførast med tilnærma same plassering og storleik som dagens hus, men kor endeleg plassering og storleik vert godkjent i samband med etterfølgjande søknad om sjølv byggjetiltaket.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor. Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve til dette med heimel i pbl. kap. 20. Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl § 21-9.»

---

## **78/2014: Høyring særskilt fartsgrense FV 245 Ådlandsvegen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

”Utval for drift og utvikling sluttar seg til framlegget om særskilt fartsgrense 50 km/t for delar FV 245, Ådlandsvegen, slik Statens vegvesen gjer framlegg om.”

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 78/2014 VEDTAK:**

”Utval for drift og utvikling sluttar seg til framlegget om særskilt fartsgrense 50 km/t for delar FV 245, Ådlandsvegen, slik Statens vegvesen gjer framlegg om.”

---

## **79/2014: Klage på DNT.vedtak 151/2014 - avslag på søknad om overføring av areal frå gbnr. 23/1 til gbnr 23/325.**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling finn at motteke klage dagsett 4.7.2014 ikkje inneheld ny grunngiving eller nye opplysningar som tilseier at avslaget av 12.6.2014 i DNT-sak 151/2014 kan gjerast om. Klagen vert difor ikkje tatt til følge. Det vert vist til sakutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka vert på denne bakgrunn sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

## **02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 79/2014 VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling finn at motteke klage dagsett 4.7.2014 ikkje inneheld ny grunngiving eller nye opplysningar som tilseier at avslaget av 12.6.2014 i DNT-sak 151/2014 kan gjerast om. Klagen vert difor ikkje tatt til følge. Det vert vist til sakutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka vert på denne bakgrunn sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

---

**80/2014: Søknad om dispensasjon frå forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet ved sjå for oppføring av sjøbu på gbnr 45/126.**

**Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå rettsverknadene til kommuneplanen sin arealdel (krav om reguleringsplan) og det generelle forbodet i pbl § 1-8 mot byggjetiltak i 100-metersbeltet langs sjø, jf føresegnene til kommuneplanen sin arealdel, for oppføring av sjøbu på gbnr 45/126 i Meland kommune.

Dispensasjon vert gitt i samsvar med situasjonskart og teikningar motteke 24.4.2014.

For grunngjeving av vedtaket vert vist til saksutgreiing og vurdering over.

Byggjetiltaket kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap 20. Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9.»

**02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

**UDU - 80/2014 VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå rettsverknadene til kommuneplanen sin arealdel (krav om reguleringsplan) og det generelle forbodet i pbl § 1-8 mot byggjetiltak i 100-metersbeltet langs sjø, jf føresegnene til kommuneplanen sin arealdel, for oppføring av sjøbu på gbnr 45/126 i Meland kommune.

Dispensasjon vert gitt i samsvar med situasjonskart og teikningar motteke 24.4.2014.

For grunngjeving av vedtaket vert vist til saksutgreiing og vurdering over.

Byggjetiltaket kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap 20. Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9.»

---

**81/2014: Rapportering 2014 og handlingsplan 2015 - vedlikehaldsplan for kommunale bygg**

**Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling tek rapporten over vedlikehaldstiltak som er gjennomført hittil til orientering, og godkjenner framlegg til prioriteringar av tiltak i 2014 og 2015.»

## 02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

### UDU - 81/2014 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling tek rapporten over vedlikeholdstiltak som er gjennomført hittil til orientering, og godkjenner framlegg til prioriteringar av tiltak i 2014 og 2015».

---

### 82/2014: Aktuelle saker

## 02.09.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

### UDU - 82/2014 VEDTAK:

Følgjande tema vart teke opp frå:

#### Anne Grete Eide, AP:

- Naboar til fellesareal i Kjødalen ønskjer undersøkje om det er mogeleg å felle fleire tre.  
**Administrasjonen: Dei det gjeld kan sende e-post til kommunen og forklare problemstillinga slik at dei kan få svar direkte.**
- Korleis få opp fartsregulerande skilt i Rosslandspollen.  
**Administrasjonen: Båtlaget e.a. lagar skriv til ordførar og oppfordrar kommunen om å sende saka til rett mynde med tilråding om 5 knop fartsgrense.**
- Etterlyser svar på parkeringsproblematikken ved fysioterapitenesta, eldresenteret Frekhaug.

#### Silje Sæterstøl, V:

- Gamal tursti over Bakkelygården er stengd. Ber kommunen ta saka opp med grunneigar slik at reglar for allmenn ferdsel vert etterfølgd.
- Det er uklart kva område i Rosslandspollen som skal omfattast av utsleppssanering.  
**Administrasjonen: Tiltaket vil inngå i framlegg til handlingsplan for avlaup som er under revisjon. I utgangspunktet er det heile området rundt Rosslandspollen som er tenkt kartlagt. Det endelege omfanget vert fastsett først når prosjektet vert sett i gang.**
- Etterlyser tiltakemelding på spørsmål.  
**Administrasjonen: Rutinen er at tilbakemelding blir gitt i møtet, eller på eit seinare møte dersom saka må undersøkjast nærare først.**



Ragnar Bratland, H:

- Etterlyser oppfølging av konkret sak om bruk av del av næringsbygg til bustad.  
**Administrasjonen: Saka er opna att og under oppfølging. Kommunen følgjer prosessreglane i slike saker.**
- Etterlyser initiativ for å få rydde opp i forsøplinga som er registrert på fleire tomter/areal i Mjåtveitflaten industriområde. Rot og utvendig lagring av skrot øydelegg for dei næringsdrivande i området.  
**Administrasjonen: Tilstanden er registrert og deler av området er synfart. Oppfølging er så vidt starta.**

Henriette Fennelly, FrP:

- Etterlyser byggjesøknad for konkret garasje.

Leif Johnsen, MDG:

- Etterlyser oppfølging av flytebrygge som har slite seg ved Holmeknappen, deler av denn ligg no i fjøresteinane.
-